



Årsrapport 2019

Tokke-Vinje vassområde



Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Hovudaktivitetar	3
2. Organisering av arbeidet i vassområdet.....	4
3. Økonomi	5
3.1 Rekneskap 2019.....	5
3.2 Finansiering 2019	6
4. Samarbeidsaktørar i vassforvaltningsarbeidet.....	6
5. Medverknad og eigarskap til vassforvaltninga.....	7
6. Tiltaksoppfølging	8
7. Utfordringar og flaskehalsar.....	9
8. Behov i vassområdet framover	9
8.1 Økonomiske og personellmessige ressursar	9
8.2 Kompetanse.....	9



1. Innleiing

Denne årsrapporten inneheld ei oppsummering av aktiviteten i vassområdet og skildrar korleis den regionale vassforvaltningsplanen i vassregion Vest-Viken er følgd opp i 2019.

Årsrapporten har ikkje vore behandla av vassområdeutvalet.

1.1 Hovudaktivitetar

1.1a. Tiltaksgjennomføring

Arbeidet med biotoptiltak og endring av tersklar i Tokkeåi er formelt avslutta i 2019, men enkelte tiltak vil halde fram også i komande planperiode.

1.1b. Oppdatering av kunnskapsgrunnlag

Overvaksingsprogrammet for 2019 omfatta 7 elvestasjonar og 2 innsjøar. Programmet la vekt på vasskjemiske analysar og analyse av botndyr i elvane og vasskjemi og planteplankton i Uvatn og Totak. Prøvene viste god/særs god tilstand i Uvatn og i Totak, medan ASPT indeksen som blir nytta til å karakterisere eutrofiering på grunnlag av botndyr viste moderat tilstand i innløpet til Farhovdtjønne og i Liåi. Førekost av nokre kravfulle artar også her kan likevel tyde på at tilstanden kan reknast som god. Sidan 2009 er det gjennomført årlege overvaksingsprogram i utvalde stasjonar i Tokke-Vinje vassområde, og ein har etter kvart fått eit godt grunnlag for vurdering av økologisk tilstand og vasskvalitet.

I 2019 har Faun Naturforvaltning gjennomført prøvefiske med botngarn og flytegarn i Ståvatn og i Kvikkevatn og undersøkt potensielle gytebekkar med elfiskeapparat. Undersøkingane er utført på oppdrag frå Statkraft og resultatet blir analysert og rapportert av LFI (Laboratorium for ferskvassøkologi og innlandsfisk, UiO). Rapport er venta i 2020.

1.1c. Oppdatering av tiltaksstatus

Vassområdet har tidlegare søkt om midlar frå Miljødirektoratet til å få prosjektert fisketropp forbi Helvetesfossen, men fekk avslag. Nå har Fylkesmannen gitt Statkraft pålegg om forundersøkingar for bygging av fiskepassasje samt overvaking av gytebestand og ungfisk i Tokkeåi. Gytegroper skal registrerast og kartleggast i 2019, 2020 og 2021. I tillegg skal det registrerast tettleik av ungfisk inkludert genetikk i 2020, 2021 og 2022. Rapport med utgreiing og skildring av effektiv passasje for storaure forbi Helvetesfossen skal vera levert innan utgangen av februar 2020. Rapport frå kartlegging av gytegroper skal vera ferdig innan slutten av mars.

I 2019 har NORCE i Bergen gjennomført sluttkartlegging av verknaden av tiltaka i Tokkeåi med omsyn til skjul og oppvekstareal for aure.

Biotoptiltaka i Tokkeåi er førebels avslutta med tilpassing av tersklar i sideløp innanfor Buøy. Resultatet har blitt eit kompromiss mellom omsynet til storauren og ønsket om å behalde noko av vasspegelen som var skapt av dei gamle tersklane.

1.1d. Arbeid med plandokument og hovudutfordringar for vassområdet


I rapportapplikasjonen Van-nett er det for tida 45 vassførekomstar i Tokke-Vinje vassområde som er registrert som sterkt modifiserte (SMVF). Av desse har 4 godt økologisk potensial (GØP), 27 har moderat økologisk potensial (MØP), 12 har dårleg økologisk potensial (DØP) og 2 har svært dårleg



økologisk potensial (SDØP). 10 av vassførekomstane har førebels framlegg om mindre strenge miljømål (Vassforskrifta § 9).

Dette kan kome til å endre seg, idet nokre av vassførekomstane vil bli delt. Det har elles vore noko forvirring om måla for økologisk potensial, men stort sett er det slik at der det er forslag om tiltak som ikkje er blitt gjennomført er miljømålet Utsett frist etter vassforskrifta § 9. Der det er forslag til tiltak er målet godt økologisk potensial (GØP) og der tiltak (døme minstevassføring) alt er gjennomført blir både dagens tilstand og miljømål lik GØP. GØP er her ikkje anna enn det ein meiner det er realistisk å oppnå så lenge vassførekomsten er regulert. Vilkårsrevisjonen ligg ennå (februar 2020) til vurdering i NVE.

Av naturlege vassførekomstar er det registrert 1 vassførekomst med moderat økologisk tilstand og ingen med dårlegare tilstand. Det er bare to av vassførekomstane der høgt bakterietal eller eutrofiering kan vera eit problem. Dei andre er påverka av forsuring.



Figur 1. Oversikt over dei 10 største påverknadsgruppene i Tokke-Vinje vassområde. Frå Vann-nett 15.11.2018.

Hovudutfordringa i vassområdet er sterkt modifiserte vassførekomstar og tiltak som kan avbøte ein del av skadeverknadene. Det er i fyrste rekke slepp av minstevassføring og tapperestriksjonar i reguleringsmagasin som er aktuelle. Også manglande temperaturregulering ved slepp av vatn frå reguleringsmagasin kan vera ei utfordring. Elles kan biotoptiltak påleggast av Fylkesmannen etter gjeldande konsesjonsreglement, etter at framlegg har vore på høyring. Det visast elles til

Vinje kommune er den 4. største hyttekommunen i landet. Dei fleste hyttene er knytte til kommunale reinseanlegg der det dei siste 10 åra er gjort store investeringar. Den årlege tiltaksovervakinga i vassområdet har bare i liten grad greidd å påvise tydelege påverknader frå hyttefelt. Det visast elles til vedlegg 6 hovudutfordringar for planperioden 2022 – 2027.

<U:\Faunserver\Aktive prosjekt\Fiske- og vassdragsforvaltning\Tokke-Vinje vassdraget\Tiltaksanalysen\Hovudutfordringar ny 2018.docx>.

2. Organisering av arbeidet i vassområdet

Vassområdeutvalet består av 3 formannskapsmedlemar frå kvar kommune, med ordførarar. I tillegg møter ofte rådmennene med saksbehandlarar. Utvalet er identisk med det såkalla Kraftutvalet, som i tillegg til vassforvaltning etter vassforskrifta også arbeider med saker om konsesjonskraft,



skattlegging av kraftverk mm. Utvalet har 1 – 2 møte i året, men har ikkje hatt møte i 2019. Møta i utvalet skifter mellom Vinje og Tokke som møtestad, og det er vertskommunen som har ansvaret for å kalle inn til møte.

Til møta i arbeidsgruppa blir dei kommunale etatane for landbruk og kommunalteknikk invitert, saman med Fylkesmannen, fylkeskommunen, Statkraft og andre viktige brukarinteresser, som Bandak fiskelag og Tokke Jeger og Fisk. Gruppa hadde møte 11.3.2019.

Kommunane har sidan våren 2008 gjort avtale med Faun Naturforvaltning om kjøp av tenester. Det gjeld i fyrste rekke arbeid med vassforvaltningsplan og tiltaksanalyse, men også med vilkårsrevisjonen for kraftutbygginga i vassdraget. Faun Naturforvaltning har også hatt ansvar for registrering i Vann-nett og for organisering og gjennomføring av tiltaksovervaking i vassområdet.

Rekneskapsansvarleg for vassområdet er Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen, merk prosjekt 1004, konto 2685 07 02968.

Vassområdekoordinator har fungert som sekretær for vassområdeutval/kraftutval og for arbeidsgruppa. Han var med på møte for vassområda i Vestfold og Telemark 5. mars og 25. oktober og på møte mellom NVE og vassområda 5. desember. Olav Bjørn Bakken frå Tokke kommune har også bruka å vera med på møta. Vassområdekoordinatoren deltok også på nasjonal vassmiljøkonferanse i Oslo 26 – 28. mars.

Tabell 1. Vassområdeutvalet/Kraftutvalet 2015 - 2019

Tokke kommune	Medlemar	Varamedlemar
	Jarand Felland	Tone Sofie Dale Solvang
	Hilde Alice Vågslid	Kjell Magne Grave
	Thor Arne Heggveit	
Vinje kommune	Jon Richard Kleven	Gunn Aslaug Dale
	Bibbi Tveito	
	Børre Rønningen	Baba Sheine
Administrasjonen	Jan Myrekrok	
	John Kleiv	
	Gry Aasne Aksvik	
	Olav Bjørn Bakken	

For dei tiltaka som Statkraft har gjennomført i Tokkeåi, og har det vore ei eiga prosjektgruppe med fiskeforvaltaren i Vestfold-Telemark, Statkraft, Tokke kommune, Tokke JFF og Bandak fiskelag.

3. Økonomi

3.1 Rekneskap 2019

Tabell 2. Utgifter 2019

Post	Merknad	Utgift, kr	Budsjett
Lønsutgifter			150 000
Møtekostnader			
Kontorhald/utstyr			
Kurs/samlingar			



Køpregodtgjersle			
Andre driftskostnader, spesifiser			35 000
	Sum, driftskostnader for vassområdet		
Overvaking/kunnskapsinnhenting	Tiltaksovervaking Faun	215 000	215 000
Prosjekt/tiltaksgjennomføring m.m. i vassområdet		304 000	
Evt. inntekter			
	Samla utgifter	519 000	400 000

3.2 Finansiering 2019

Tabell 3. Oversikt over tilskot frå ulike bidragsytarar, i samsvar med vedteken fordeling mellom kommunane og med bidrag frå Statkraft

Aktør/Bidragsytar	Beløp, kr.	Kommentar
Tokke kommune	60 000	
Vinje kommune	60 000	
Vest-Viken vassregion	120 000	
Telemark fylkeskommune	90 000	
Statkraft	35 000	
Fylkesmannen i Telemark	100 000	
Miljødirektoratet via FM	50 000	
Sum	515 000	

4. Samarbeidsaktører i vassforvaltningsarbeidet

Ein føresetnad for å nå dei vedtekne miljømåla for vassførekomstane i vassområdet er at alle med sektoransvar for vassrelaterte tema er aktivt med både i planfasen og når tiltak skal bli gjennomført. Plan- og bygningsloven og vassforskrifta slår fast at det er plikt til å delta for offentlege aktørar, og har dessutan reglar om medverknad frå andre interesserte, bl.a. gjennom høyringar.

I Tokke-Vinje vassområde har desse aktørane vore med i vassmiljøarbeidet:

Tabell 4. Oversikt over dei som har representert eller hatt ansvar for delar av arbeidet i vassområdet 2019

Aktør	Styrings-gruppe	Prosjekt-gruppe	Arbeids-gruppe	Anna/kommentar
Vassregionen			(x)	Ansvaret for vassregionen blei i 2019 overført til den nye fylkeskommunen
Fylkesmannen		x	x	Fylkesmannen har i arbeidsgruppa vore representert med Arne Kjellsen, medan fiskeforvaltar Irvin Kjelde har vore med i prosjektgruppa for Tokkeåi
Fylkeskommunen			x	Gørli Bruun Olsen har representert fylkeskommunen, med Anita Cecilie Kirkevold som vara



Tokke kommune	x	x	x	Tommy Vadder har representert kommunen i prosjektgruppa
Vinje kommune	x		x	Dorthe Huitfeldt har møtt i arbeidsgruppa, men blei pensjonist ved nyttår
Statkraft		x	(x)	Miljørådgjevar Jostein Kristiansen har møtt fast for Statkraft
Tokke JFF		x	(x)	Birger Gauslaa og Bjørn Olav Haukeliseter
Bandak fiskelag		x	(x)	Kai Joachim Brattestå

5. Medverknad og eigarskap til vassforvaltninga

Å bygge nettverk og gjera folk medvitne er viktig for å gje så mange som råd vilkår for eigarskap og å utvikle positive haldningar til eit godt vassmiljø som eit evigvarande og fornybart fellesgode.

Nettverksbygging og bevisstgjerung er viktige strategiar for å gje flest mogleg eit eigarskap og positive haldningar til eit godt vassmiljø som eit evigvarande, fornybart fellesgode. Å vera opne og legge til rette for medverknad har derfor vore eit førande prinsipp for planarbeidet både lokalt og regionalt.

Arbeidet i vassområdet har lenge hatt hovudfokus på dei sterkt modifiserte vassførekomstane og arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra for reguleringa av vassdraget. Revisjonssaka blei opna i 2007, kommunane kom med sine krav i 2010/2013 og saka ligg nå til sluttbehandling i NVE. I mellomtida har det også kome nasjonale føringar for vilkårsrevisjonar, og i NVE rapport 49/2013 er vassdraget delt i 3 område der bare nedre del av Tokkeåi er høgt prioritert for minstevassføring og andre restriksjonar på reguleringa. Engasjementet omkring vilkåra for særleg storauren i Tokkeåi og Bandak har vore sterkt, noko som også kom til uttrykk gjennom ein stor artikkel i Aftenposten sitt magasin «Innsikt» i sommar.

Samarbeidet med Fylkesmannen og fylkeskommunen har vore godt, sjølv om det på grunn av omorganiseringa av vassregionen har vore ein del endringar. Vinje kommune har areal i 5 vassområde.

Ein har ikkje så mykje erfaring med korleis kommunar og sektormyndene tek omsyn til vassmiljøet, men tilhøva i Tokke og Vinje kommunar er såpass oversiktlege at det ikkje er vanskeleg å ta tak i enkelttilfelle om det er nødvendig.

Vassområdekoordinatoren er også rådgjevar for kommunane i revisjonssaka, og i den samanhengen blir han bruka til å levere faglege innspel overfor Statkraft, som er regulanten i vassdraget.

Med til dels negative signal (nasjonale føringar) for vilkårsrevisjonar er det viktig at ein i større grad nyttar dei høva eksisterande konsesjonsvilkår (naturforvaltningstiltak) kan gje. Her er det mogleg for Fylkesmannen og Miljødirektoratet å gje pålegg om omfattande biotoptiltak i regulerte vassdrag. Det er såleis i 2019 gitt pålegg om ei nærare vurdering av vilkåra for fiskepassasje i Helvetesfossen i Tokkeåi. I 2019 blei også eit langvarig arbeid med biotoptiltak i Tokkeåi avslutta. Dette omfattar endringar av tersklar, opning av tidlegare elveløp, harving av elvebotnen for å skaffe betre oppvekstvilkår for småfisk og botndyr og utlegging av gyttegrus.



Vassområdekoordinatoren er aktuell som bidragsytar til arbeid med plastforureining og avfall i elvar og innsjøar, men det har ikkje vore meldt inn nokre spesielle behov her.

Vassområdet har i fleire år hatt stor nytte av det friviljuge engasjementet frå organisasjonar som Bandak fiskelag, Tokke Jeger og fisk og enkelte grendelag har vist. Utan dette engasjementet hadde det vore vanskeleg å drive fram krav om tiltak. Statkraft er representert i Arbeidsgruppa og har gjennom fleire år levert gode bidrag til undersøkingar, rapportar og fysiske tiltak.



Tokkeåi utan minstevassføring

6. Tiltaksoppfølging

Verknaden gjennomførte tiltak blir kontrollert gjennom årlege overvakingsprogram. Gjennom fleire år er det her etablert eit godt grunnlag for vurdering av korleis den økologiske tilstanden i viktige delar av vassdraget endrar seg.

Gyteaktiviteten på dei viktigaste gyteplassane i nedre del av Tokkeåi blir registrert ved å telje gytegroper etter endt gyting kvar haust. Det vil bli gjort også i neste 3-års periode. Laboratorium for ferskvassøkologi og innlandsfisk (LFI) har i fleire år registrert ungfisk (0+ og 1+) på 10 faste stasjonar frå Bandak og opp til Helveteshylen. Det vil ein også halde fram med dei neste 3 åra. Genetikken til auren vil bli undersøkt for å få vite kor mykje av auren på elva som kan reknast som storaure.

I fiskeforvaltninga er det etter kvart teke i bruk gytebestandsmål for lakseelvar, og det har vore forslag om å også ta det i bruk for storaurebestandar i innlandet. Men å skilje ut storaure genetisk frå anna aure er nok ei utfordring.

Det vil bli undersøkt korleis ei fisketropp i Helveteshylen kan bidra til å auke tilgangen til nye oppvekst- og gyteareal og gje betre rekruttering til storaurestamma i vassdraget. Det er også reist spørsmål om ei anna forvaltning av stor aure i Bandak med Vestvatna kan vera med på å styrke gytebestanden i Tokkeåi.



I reguleringsmagasin med pålegg om utsetting av fisk blir behovet for utsettingar undersøkt år om anna. I 2019 var det Ståvatn/Ulevåvatn og Kvikkevatn som blei undersøkt. Nye fiskeundersøkingar blir avtala i samråd mellom Fylkesmannen og Statkraft. I andre vatn kan det også vera ønskjeleg med undersøking av fisk. Det gjeld mellom anna Tveitevatn/Grungevatn, som har vore gode fiskevatn. Fisk er ein god tilstandsparameter i regulerde vatn, men fisken er også påverka av fiske som kan kamuflere verknaden av andre miljøfaktorar.

Framlegg til handlingsprogram og tiltaksovervaking blir drøfta i arbeidsgruppa for vassområdet. I 2019 har tiltaksovervakinga vore lagt opp i samarbeid med Fylkesmannen, som ønskte analyse av fleire vasskjemiske parameterar.

7. Utfordringar og flaskehalsar

I staden for å ha ei eiga stilling som vassområdekoordinator i kommunane har kommunane kjøpt tenestene frå Faun Naturforvaltning. Frå jul 2020 blir vassområdekoordinatoren pensjonist og ein må da ta stilling til korleis ein kan få dekt oppgåvene framover. Det er framleis mogleg å få kjøpt tenester frå Faun Naturforvaltning.

Etter kvart som det blir mindre fokus på revisjonssaka kan det vera aktuelt å vurdere om det kan vera meir rasjonelt å organisere vassområdet med vassområdeutval og arbeidsgruppe på ein annan måte.

8. Behov i vassområdet framover

Så lenge vilkårsrevisjonen ikkje er avgjort vil miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar bare i liten grad bli oppfylt innan 2021.

8.1 Økonomiske og personellmessige ressursar

Vassområdet reknar med å leige tenester som vassområdekoordinator frå Faun Naturforvaltning. Tidlegare har desse tenestene også omfatta arbeid med vilkårsrevisjonen for Tokke-Vinjevassdraget, men det vil det vera mindre behov for framover.

Post	2020	2021	2022
Stilling (%), vassområdekoordinator	20	20	20
Løn inkl. sos. utg., vassområdekoordinator	150 000	150 000	150 000
Følgjekostnader (kontorhald, møte, kurs, reiser mm)	50 000	50 000	50 000
Ekstern bistand/konsulenttenester	50 000	50 000	50 000
Overvakingskostnader	150 000	150 000	150 000
Anna, spesifiser			
Sum	400 000	400 000	400 000

8.2 Kompetanse

For den nye vassområdekoordinatoren vil det vera viktig å få bli med på samlingar og kurs i regi av vassregionen og på nasjonale samlingar. Nettverket av lokale vassområdekoordinatorar er viktig.